

Høyringsuttale - barnehage-/skulebruksplan

Innsendt	09.02.2021 10.21.33
ReferanselD	VKO068-1101544
Steg	
Innsendt av	
Eg sender inn uttale på vegne av	
☐ meg som privatperson ☒ organisasjon	
Navn på organisasjon (t.d FAU, SU, grendeutval, HTV e.l.)	
Skjold skule FAU	
Høyringsuttale	
Uttale til rapport frå Norconsult, gjeldande barnehage-/skulebruksplanen. Høyringsuttale Skjold FAU, Vedrørende skulebruksplan Skjold FAU har hatt tema skulebruksplanen oppe til debatt i FAU. Det er komme inn synspunkt frå føresette og elevar ved Skjold Skule. Dette gjennom enkelt spørjeskjema (vedlegg 1) der foreldra meldte inn til sin FAU kontakt. Ut frå innspela har FAU forma ein uttale, som viser til kva meiningar foreldre gjennom FAU, samla har til den framlagde skulebruksplanen for skulane i Vindafjord. Med bakgrunn i Norconsult sitt framlegg, vil FAU framheva at alternativet der Skjold fortsett med ungdomskule, blei sett på som eit av vala det vart tilråda av Norconsult å velja. I tillegg til å væra ein av modellane som kom best ut økonomisk, viste dei til godt fag-/ elevmiljø og geografisk treffsikkert med å gå for dette alternativet. I Skjold er det i dag ungdomskule for Skjold, Vats og Vikebygd. Dette verkar til å fungera veldig bra for mange. Innspel frå elevar og føresette fremmer eit ønske om å la Skjold skule behalde ungdomskulen, og ikkje lage felles ungdomskule for heile kommunen. Foreldre/ elevar visar til ein alt for stor samansetning av elevar, for stort miljø i tillegg til at det ikkje er ønskeleg å frakte elevane til Ølen. Foreldra si hovudvekt for desse argumenta visar til lang skuleveg for mange. Yttergrensene i Skjold med Breivik og Trovåg feltet, vil fort ha ein skuleveg på opp mot 60 minutt kvar veg. Det er òg ytra bekymring med å sette opp ein ungdomskule i eit miljø med vidaregåande skule i nærleiken. Nokre foreldre er og bekymra for tidlegare historikk kring rusmiljø i Ølen. Store størrelsar på klassar synes ikkje FAU med foreldre, er positivt. Dette blir utfallet om det vert ein felles ungdomskule for heile kommunen. Slik det er i dag, når ein samlar Vats, Vikebygd og Skjold til ungdomskule, har Skjold i snitt to klassar med greie størrelsar. Slik ønsker FAU og hovudtyngda av	

føresette og elevar også å ha det i framtida.

Om det skulle bli aktuelt å flytte elevar frå Vats og Vikebygd til Skjold frå 1. klasse vil dette gi behov for påbygg då skulen ikkje vil være stor nok til å huse tre bygder i småskulen og mellomtrinnet slik den står i dag. FAU har då eit stort ønske om at ein ser på moglegheita for å legge ungdomskulen i eige bygg.

Ein vil med det gjere det meir merkbart at ein går over i ny skulekvardag, når det er same elevgruppe frå 1. -10. klasse. I dag får ein litt omstilling med tilsig av nye elevar frå Vats og Vikebygd når ein startar ungdomsskulen.

Det kan også seias at fleire av foreldra som synes ein felles ungdomskule i Vindafjord kan være bra, ikkje ønsker at den skal byggas i Ølen. Her har Vats blitt nemnt.

For Skjold FAU, leiar Anna Innvær Øygard

Vedlegg: Spørsmål sendt til foreldre.

Vedlegg

spørreundersøkelse til føresatte Skjold skule ifm skulebruksplan.docx